

## **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 21.02.2017**

Stein Inge Ryssdal (H) stilte spørsmål om han var inhabil fordi han er styremedlem i Bergen Bompengeselskap AS. Ryssdal gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om han var inhabil. Utval for miljø og samferdsel vedtok samråystes at Stein Inge Ryssdal var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

John Torgeir Torsvik møtte for Ryssdal i saka.

### **Røysting**

Det var 14 representantar til stades.

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samråystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget viser til at eit nytt bompengeopplegg, som ein del av byvektavtalen for Bergensområdet, er under planlegging. Under føresetnad om tilslutning frå Bystyret i Bergen, går fylkestinget i mot å endra takstane i bomringen i Bergen no. Dette gjeld både KPI justeringa og takstendringa for å ta igjen inntektstapet frå 2016.
2. Fylkestinget går inn for å justera ned vedtatt Plan- og byggeprogram for Bergensprogrammet 2017 med 70 mill. kr. i 2017. Den endelege fordelinga vert vedteke i fylkestinget i juni 2017.